

Møte for styringsgruppene for kommunereforma i Eidfjord, Ulvik og Granvin 5. oktober 2016.

Oppsummering:

Styringsgruppene ynskte å drøfta situasjonen i høve til kommunereforma og sjå på om det framleis er mogeleg å få til ein indre Hardanger-kommune. Fylkesmannen har gjeve desse kommunane utsett frist til 1. desember for tilbakemelding i høve til dette.

Det er Eidfjord det står på om ein skal få til eit alternativ i indre Hardanger, og arbeiderpartiet og senterpartiet i Eidfjord vil drøfta i sine parti om det er mogeleg å ta saka om kommunesamanslåing oppatt i kommunestyret.